

Delvis etter eiga røynsle.

Etter far, Jörgen Grimstvedt, Nissedal, f. 1872.

Bonde og herads- og bankkasserar.

S V A R .

1. Mjölka vart sett i trog oppe under taket. Det var helst born som drakk nysila mjölk. Den mjölka som var under den burtskuma flöten vart ofte eten med skei slik ho var. Dette vart kalla T U K K J I. Ein sa og at mjölki var sett.
2. Om sumaren drakk ein særleg mykje sur mjölk som tyrstedrikk, særleg i slåtten.
3. Ein koka söt mjölk og ha oppi sur så ho bröytte seg. Dette vart kalla haglette. Dette drakk ein så til törrmat.
4. Wert mest ikkje nytta nå.
4. Ein bryggja jol, påske og til slåtten. Om sumaren vart öl dagleg drikk så lenge det varde, -gjerne 60 l tykkt öl og 60 l tunnt öl. Ein laga tunnöl ved kvar bryggjing.
5. Ein byrja med kaffe kring år 1800 trur Jörgen G.
6. Han var full kvardagsdrykk i 1870 -åri.
7. Kaffe drakk ein til morgon, middagskaffe og til ökt.
8. Hadde gjerne grovmalen kaffe i kaldt vatn. Elles var det etter som det fall seg. Ein trakta ikkje kaffe. Salt var lite nytta, men klareskinn (fiskeskinn) var vanleg, men ikkje eggescal. Det vart spådd i grut ved einskilde höve for selskaps skuld, men mange tok det og ålvårleg. Veit ikkje noko reglar.
9. Fyrst var det kandi, men sidan nytta ein sukkertoppar. Det var kring 1880. Kaffien vart til sine tider blanda med sikori og korn. Etter kvart kom det raffinade, og sume nyttar farin i kaffien.
10. Ikkje ost og ikkje egg, men til sine tider flöte.
11. Te kjöpte einsjeldan, men ein nytta sumtid karve til å koke te av.
12. Brennevin vart ikkje nytta under arbeid, men det hende det vart drukke nokså mykje under merkjing av tömmer. Merkjaren kunne liggja så full at arbeidfolka måtte merkja., og det kunde nok gå så ymse for seg då.
13. Ein kan segja at kjöpeöl og seters og brus på ingen måte er kvardagsdrikk.